



Årbok 2020

Norges Kvinne- og familieforbund
FREMTIDEN – ET FELLES ANSVAR

- Husmorvikar/familievikar
- Eldreomsorg- Leve hele livet
- Fødetilbudet – styrke jordmortjenesten
- Integreringsarbeid og aktiviteter lokalt



Norges Kvinne- og familieforbund



Prinsesse Astrid fru Ferner, vår høye beskytter, som vi er meget stolte av.
(Foto: Svein Brimi, Det kongelige hoff)

Norges Kvinne- og familieforbund (K&F) er en partipolitisk nøytral interesseorganisasjon som arbeider med kvinne- og familiepolitiske spørsmål. Organisasjonen ble stiftet i 1915 under navnet Hjemmenes Vels landsforbund. Hjemmenes Vels landsforbund var den første husmororganisasjonen i Europa. I 1933 endret organisasjonen navn til Norges Husmorforbund, og i 1997 til Norges Kvinne- og familieforbund.

K&Fs formål og visjon

Forbundet er en landsomfattende, partipolitisk uavhengig kvinneorganisasjon som bygger arbeidet på humanistiske grunnverdier. Vi arbeider for å skape anerkjennelse av kvinners ulike valg gjennom livsfaser, og verdsetting av familien som bærebjelke i utviklingen av et godt samfunn. Vi arbeider for å styrke familiens posisjon gjennom tiltak som gir tid og mulighet til omsorg for hverandre.

K&Fs arbeid

K&F har kretser og lag spredt ut over store deler av landet. Vi har medlemmer i alle aldre, yrker, partier og livssituasjoner. Som medlem kan man velge å jobbe med nærmiljøet, med kvinne- og familiepolitikk, eller med forbruker- og internasjonale spørsmål. Som medlem kan du få muligheten til å luften tanker, ideer og kreativitet i et lag i nærmiljøet. K&F arrangerer møter, kurs og studieringer, som betyr trivsel og selvutvikling, mens vi påvirker nærmiljø og samfunn. K&F har siden 1997 utgitt et eget prinsipprogram. "Kvinner & Familie" er vårt medlemsblad. Som K&F-medlem er man med å påvirke både nærmiljø og sentrale myndigheter. K&F jobber spesielt med disse sakene i perioden 2019-2020.

- Husmorvikar/familievikar
- Eldreomsorg- Leve hele livet
- Fødetilbudet – styrke jordmørtjenesten
- Integreringsarbeid og aktiviteter lokalt



Forbundsleder har ordet

Norges Kvinne- og familieforbund har i 105 år vore ein viktig aktør i samfunnsdebatten, og det er vi framleis. Vår visjon er anerkjenning av kvinners ulike val gjennom livsfasar. Våre saker er aktuelle og våre meiningar er nødvendig i samfunnsdebatten. K&F tør, i dag som ved oppstarten i 1915 å gå i spissen for saker vi trur på.

Medlemstalet har gått noko ned, men vi fortset arbeidet med å ta vare på våre medlemmer og verve nye, utan medlemene har vi ikkje noko forbund. Vi ser at det er medlemmer i alle aldersgrupper, dette er viktig for å skape eit bredt engasjement.

Vi sender pressemeldingar på våre viktige saker, og mange gonger har vi fått det inn i media. I tillegg deler vi det på heimesida og Facebook, dette er viktig for å nå fleire med sakene våre. Vi har og fått medlemmer som har meldt seg inn etter saker på Facebook.

Året starta veldig bra med mykje møter rundt omkring, men så kom korona-pandemien og landet vart stengt ned 12. mars. Dette gjorde det vanskeleg å reise like mykje rundt omkring, men vi lærte å ta i bruk digitale media. Mange årsmøte vart halde digitalt. Vi måtte utsetje vårt landsmøte, då vi fant ut at dette vart vanskeleg å halde digitalt, og det vart ikkje opna for å arrangere det fysisk. Likevel har eg vore mykje på reiser, det er berre fire månader i 2020 at eg ikkje var innom Oslo. Det vart og nokre turar rundt omkring i kretsar og lag. Håper det vert betre i 2021.

Vi skal ikkje meine noko om alt, men vi skal arbeide med kvinne- og familiepolitikk,

forbrukarsaker og internasjonale saker. Og her er prinsippprogrammet eit godt verktøy.

Eit samfunn i endring gjeld og innerter i forbundet, så i 2020 har vi fortsett med opprydding. Vi har fått ny regnskapsfører, Accurat AS og dei sitter på nabokontoret vårt. Vi har gått over til å føre alt rekneskap digitalt no.

Under pandemien fekk vi sjå eit land som ikkje var forberedt på det som skjedde, det var ikkje bygd opp beredskapslager enda pandemien var varsla. Framleis vert fødeavdelingar/ akutfunksjonar stengt, eller slått saman. Fødande fekk ikkje ha med seg far/medmor under fødsel. Omsorgssentera, sjukeheimar og privatbustader for menneskjer med nedsett funksjonsevne vart stengt for besøkande, dette var store overgrep som vi håper aldri vert gjentatt. På tross av pandemien er det mange lag som var litt aktive, for andre vart det vanskelegare, men vi reknar med at alle kjem sterkare attende i 2021. Pandemien må vel ta slutt ein gang.

Vi som organisasjon er privilegert som har så mange kunnskapsrike og arbeidsvillige medlemmer rundt omkring i landet.

Eg vil takke alle for innsatsen de gjer i vårt forbund rundt omkring i landet.

Saman er vi sterke!

*Aina Alfredsen Førde
Forbundsleiar*



Årsmelding 2020

Innleiing

På grunn av Covid 19 har året 2020 vore eit vanskeleg år i forbundet, nokre få lag og kretsar har vore kreative og hatt ein del aktivitet, men elles har det vore lite aktivitet rundt omkring.

Organisasjon

Medlemmar

31. desember 2020 hadde vi 2503 medlemmar. Av desse var

2428 hovudmedlemmar

1 juniormedlemmar

52 husstandsmedlemmar

Vi har 162 lokallag og 8 kretsar. I løpet av året har 4 lag lagt ned. Totalt har vi no 99 lag direkte tilslutta forbundet.

Sentralstyret

Sentralstyret har bestått av:

Forbundsleiar: Aina Alfredsen Førde

Nestleiar: Randi Støre Gjerde

Nestleiar: Olaug Tveit Pedersen

Styremedlemmar:

Christine Andreassen

Oddlaug Hovdenak

Inger Berger

Anne Eggstøl

Varamedlemmar:

Edel Mikkelsen

Sigrunn Strøm

Det har i 2020 vore avhalde 6 sentralstyremøte, der av 4 nettbasert på ettermiddagar, og 2 fysiske møter på 2 og 3 dagar. Mellom styremøta har styret hatt kontakt via e-post.

Styret har i løpet av 2020 behandla 69 saker. Framleis har økonomien og medlemsutviklinga hatt stort fokus. Styret er av den meining at ein har god kontroll på situasjonen og klarer å møte dei utfordringane som har kome.

Kretsar og lag

Oversikta over kretsane sine aktivitetar kjem fram av kretsane sine årsmeldingar. Dei gjer ein

god jobb med å synleggjera forbundets saker og det arbeidet som vert gjort.

Sentralstyret er oppteken av arbeidet rundt omkring i kretsane og tilbyr oss å komme på besøk. I år har vi ikkje vore på noko kretsårsmøter då det berre er nokre få kretsar som har halde årsmøte. Men forbundsleiar har vore i Romsdal og Nordmøre på møte med laga der.

Komitear og utval

Det har vore nokre møter mellom leiinga og leiar i kontrollkomiteen. I tillegg har det vore noko e-postkorrespondanse og telefonkontakt når leiinga/ sentralstyret har hatt behov for å rådføre seg. Det har vore god kontakt med internasjonalt utval. Forbundsleiar, ACWW representanten og Nordens representant har møtt på dei fleste møta.

Beredskapsutvalet har ikkje hatt midlar til å møtast, men hatt telefonmøte.

Sentralstyret tek kontakt med utvala når vi har behov for innspel i enkelte saker.

Økonomi

Sentralstyret har framleis fokus på økonomien, og følgjer utviklinga tett. Økonomien er stram, men vi gjer stadig tiltak for å betre den.

Kontingentinntekta er veldig viktig for forbundet, i tillegg betyr medlemstalet mykje med tanke på statleg støtte.

Landslotteriet gav oss eit økonomisk tilskot på kroner 101 983. Dette takka være bidrag frå kretsar, lag og medlemmar til gevinstar, og ein bra innsats på loddosal. I år var det mange som brukte sosiale media til å selje lodd då vi ikkje kunne møtast.

Frå Bergen og Midthordland krets fekk vi kroner 75 000, som dei gjev årleg.





Årsmelding 2020

Vi fekk kroner 278 750 i statleg støtte frå barne, ungdoms og familiedirektoratet. Momskompensasjonen utgjorde kroner 171 313.

Sekretariatet

Det har vore 1 årsverk i sekretariatet fordelt på to stillingar. I tillegg har vi redaktør og leiger regnskapstenester.

Vår sekretær Nini Raknes sa opp stillinga si frå og med 1. desember. Vi tilsette ny sekretær Anne Leret Molberg 1. november.

PRIORITERTE OPPGÅVER

Fødetilbodet

Dette er noko vi stadig arbeidar med. Det at fleire fødetilbod vert foreslått nedlagt rundt omkring i distrikta, noko vi prøver å unngå. Vi har sendt mange innspel på dette til styresmaktene. Det er lagt ned alt for mange fødeavdelingar allereie i Norge, i byrjinga av 1970 åra var det 150 fødeavdelingar rundt omkring i landet i dag er det 45.

Familievikar

Denne saka er ein gjengangar. Nokre få kommunar har dette tilbodet, men alle burde ha det. Vi får framleis mange førespurnader frå familiar som slit, vi kan berre gje råd om kvar dei kanskje kan ta kontakt for hjelp.

Skulemat

Dette er ei viktig sak for forbundet. Inntak av næringsrik mat gjev inntak av lærdom. Det er fleire kommunar rundt omkring som no har eit tilbod, men dette burde vore på alle skular. Vi arbeider framleis opp mot sentrale politikara for å få politisk gjennomslag, og det er no fleire parti som meiner det same som oss.

Foreldrepermisjon

Tredelt foreldrepermisjon meiner vi ikkje tek omsyn til den enkelte familie sine behov. Vi meiner foreldra sjølve er dei som veit kva som er rett for den enkelte familie. Både mor og far skal sjølvsgatt ha permisjon, men fordelinga må dei få styre sjølve til familiens beste.

Det viktigaste her no er å få på plass far sin eigen innteningsrett til permisjon uavhengig av mor. Samstundes må ein lage reglementet enklare så ein ikkje mister deler av permisjonen.

Kontantstøtta

Kontantstøtta er ikkje gått ut på dato! Mange politikarar meiner at den bør erstattast med ventestøtte medan ein venter på barnehageplass. Då vert det ikkje eit val for foreldra lenger.

Arendalsuka

Arendalsuka vart avlyst.

Internasjonalt engasjement

Nordens Kvinneforbund, i løpet av året har det vore tre styremøte, alle på nett. Nordens sommarkonferanse som skulle vore på Island i juni er utsett til juni 2022.

Associated Country Women of the World (ACWW) er vi framleis aktive i. Det skulle vore Europakonferanse i oktober 2020, dette er utsett til september 2022.

Fleire lag og kretsar har samla inn pengar til Pennies for friendship. I tillegg går ei krone av medlemskontingenten for ordinært medlemskap til dette. I 2020 sendte vi kroner 4035,63 til ACWW.

Internasjonalt utval har ansvar for forbundets prosjekter. Vi får ikkje lenger tilskot frå Norad, men utvalet mottek mykje støtte frå kretsar, lag og medlemmar. Dette kan de lese om i utvalets eiga årsmelding.

Kommunikasjon

Medlemsbladet er framleis vår viktigaste informasjonskanal. Bladet kom ut med 3 utgåver i 2019. Tema har vore:

- Omsorg i livets ulike faser
- Beredskap i en koronatid
- Tredelt foreldrepermisjon- nei takk!

Tillitsvalde, kretsar og lag har bidrege med artiklar og stoff til bladet i tillegg til dei artiklane som redaktøren har ansvar for.





Årsmelding 2020

Kommunikasjon med kretsar/lag og medlemmar. Vi sender ut 'informasjon frå forbundet' til alle kretsleiarar, lagleiarar og medlemmane vi har e-postadresse til.

Nettsida.

Sekretariatet har ansvar for nettsida, og legg ut nyhende frå forbundet etter kvart.

Facebook

Forbundets Facebook side er flittig brukt til å dele forbundets meiningar i mange saker. Vi får stadig fleire følgjarar på sida og når ut til veldig mange. Det er og nokon som har meldt seg inn etter innlegg vi har delt på Facebook. Vi håper på fleire medlemmer her etter kvart.

Media

Forbundet sentralt har sendt ut mange pressemeldingar om aktuelle saker. Mykje kjem på trykk rundt omkring i landet. Vi har og fått nokre lesarinnlegg på trykk i riksdekkande media.

Høyringar og førespurnader til styresmaktene. Styresmaktene og andre sender ut eit stort tal høyringar. Ikkje alt er like aktuelt for forbundet, men vi sender svar på dei sakene som er viktig for vårt forbund. Utalane vert utarbeid av sentralstyrets medlemmer, eller vi ber om hjelp frå medlemmer som kan mykje om den aktuelle høyringa.

Forbundet har sendt førespurnader til departementa, dei politiske partia på Stortinget og andre etatar med aktuelle og viktige saker for forbundet.

Sluttord

Det har vore eit år der mykje av aktiviteten har vore å ha fokus på viktige saker innanfor kvinne- og familiepolitikk. Dette arbeidet vil vi fortsette med framover, samtidig som vi skal tenkje nytt. Medlemsverving er ei sak som er like viktig heile tida, vi må prøve å halde på dei medlemmane vi har samtidig som vi skal prøve å få nye. Tema for landsmøteperioden er: Et samfunn i endring.

30. april 2021


Aina Alfredsen Førde
Forbundsleder



Olaug Tveit Pedersen
nestleder


Randi Støre Gjerde
nestleder


for Christine Andreassen
sentralstyremedlem


Oddlaug Høydenak
sentralstyremedlem


Anne Margrethe Eggseth
sentralstyremedlem


Inger Berger
sentralstyremedlem



Årsberetning 2020 for valgkomiteen i Norges Kvinne- og familieforbund

Komiteen har bestått av:

Anne Enger, leder
Ingebjørg Rasmussen, medlem
Sølvi Skram Vedø, medlem
Vigdis Løseth og Vivian Vestby, varamedlemmer.

Vi startet arbeidet i januar med å sende ut informasjon om valgene i medlemsinfo og i bladet. Der kom det også en "stilling ledig" annonse. Dette ble gjentatt utover våren. Det kom etter hvert inn forslag fra noen enkeltmedlemmer, lag og kretser og mange foreslo de samme personene. Arbeidet ble delt mellom de 3 i faste medlemmene og vi

ringte til alle foreslåtte. I god tid før landsmøtet var listen klar.

Så ble landsmøtet utsatt til neste år. Komiteen informerte de som var nye kandidater til verv. Komiteen har ikke møttes, men hatt jevnlig kontakt på e post og telefon. Det har fungert bra. Leder har hatt tett og god kontakt med forbundsleder som har informert videre til sentralstyret.

*Finnsand, 31.12.2020
Anne Enger*

Årsmelding Kontrollkomiteen 2020

Komiteen har hatt følgende sammensetting:

Kristin Hansen	leder
Haldri Karin Engenes	medlem
Eldbjørg Gunnarson	medlem
Elin Hvidsten	varamedlem
Kari Johnsen	varamedlem

Kontrollkomiteens mandat ifølge vedtektene er å føre tilsyn med K&F's virksomhet og å påse at alle vedtak er i tråd med organisasjonens formål, vedtekter og landsmøtevedtak. Det skal også legges vekt på økonomiske forhold og disposisjoner for virksomheten, i tillegg kan komiteen vurdere spesielle organisasjonsmessige forhold.

I denne perioden har Kontrollkomiteen fått forelagt følgende saker:

1. Vedtak gjort på Landsmøte. Forbundet mottok brev fra et lokallag om riktigheten av å vedta et benkeforslag om ingen refusjon av medlemskontingent.
2. Uttale om dobbeltverv i organisasjonen utenfor.
3. Uttale om nøytralitet i forbundets vedtekter § 1

Saksbehandlingen er foretatt ved E-mail og om nødvendig pr telefon.

Kontrollkomiteen har fått tilsendt sakliste,

regnskapsoversikt og all dokumentasjon til sentralstyremøtene, samt alt som er blitt sendt til lag og kretser. Komiteen er videre blitt godt orientert om aktuelle saker i forbundet og ad hoc løsninger rent administrativt. Det har vært god kontakt mellom Kontrollkomiteen og forbundsleder og ved spørsmål fra komiteen, har informasjonen blitt gitt raskt og tilfredsstillende.

Kontrollkomiteen finner ikke å utsette noe på sentralstyrets saksbehandling, den er i tråd med forbundets formål, vedtekter og landsmøtevedtak og vedtak er blitt fulgt opp.

Kontrollkomiteen har fått revisjonsberetning og signert regnskap for 2020, og har ingen bemerkninger til det. Regnskapet viser et overskudd på kr 281.068. Omstrukturering og grep som ble gjort i 2019 har gitt resultater og vi gir all honnør til forbundsledelsen og sentralstyret for dette! I tillegg har de fleste møtene vært digitale, slik at utgifter i forhold til det er mindre i i dette annerledesåret med korona. Egenkapital er akseptabel og totalt viser regnskap og aktiviteter god økonomistyring, noe som blir svært viktig for kommende periode også.

Kontrollkomiteen vil berømme ledelsen og sentralstyret for arbeidet som er lagt ned på alle plan, da også særlig med tanke på at dette for er mye frivillig arbeid!

Oslo 14.juni 2021

Kristin Hansen
Leder

Haldri Karin Engenes
medlem

Eldbjørg Gunnarson
medlem



Årsmeldinger fra komitéer og utvalg Prinsippprogrammet for 2020 – 2022

Komiteen har hatt følgende medlemmer:

Leder: Solveig Thomassen

Fra Sentralstyret: Nestleder Randi Støre Gjerde

Medlem: Johanna Beheim

Varamedlem: Solveig Bergesen

Vi har hatt ett arbeidsmøte og kontakt via e-post. I år har vi ikke endret på veldig meget, men har forsøkt å oppdatere lover og regler og å endre på enkelte uttrykk. I tillegg har vi forandret nummereringen slik at underpunktene følger hovedpunktet.

Vi ble overrasket over Corona-pandemien og første utkast ble litt forsinket sendt til Sentralstyret den 11.5.2020.

Vi har mottatt et innspill fra Bergen og Midthordland krets vedrørende «Foreldrepermisjon – et tredje alternativ». Dette

alternativet var meget godt gjennomtenkt, men vi besluttet at det ikke var så enkelt å få det inn i programmet uten å måtte dele det opp. Vi ble enige om at det burde sendes som eget forslag til Landsmøtet og sendte det i retur til Kretsen.

Ettersom Corona-pandemien kom som «en bombe» på oss alle, har vi lagt til noen punkter under 4.6 Beredskap. Her kunne vi nok ha lagt flere punkter til og utdypet det mer, men i skrivende stund vet vi jo ikke utfallet av pandemien. Vi tenker at neste års PP-komite vil vite mer om hva som burde vært gjort annerledes og hva som bør komme inn i programmet.

En ting er sikkert; vårt Prinsippprogram tar opp meget viktige saker som ennå ikke er gjennomført i samfunnet vårt og som i høyeste grad burde prioriteres høyere, så vi må bare fortsette å legge press på våre politikere.

Bergen 31.12.2020

*Solveig Thomassen
Komiteleder*



Årsmelding Internasjonalt utvalg 2020

Utvalget har bestått av:
Elisabeth Rusdal – leder
Kristin Hansen – økonomi/prosjektleder
Tone C.R. Gulowsen – medlem
Tove Berger Jensen – varamedlem

Aina Alfredsen Førde – forbundsleder
Christine Andreassen – 2. representant ACWW
Merethe Brattetaule – vara for 2.representat ACWW
Olaug Tveit Pedersen – 2. representant Norden
Edel Mikkelsen – vara for 2.representat Norden

Utvalgets arbeid

Det har vært 3 utvalgsmøter to fysiske og et digitalt, og 33 saker har vært til behandling. Det ble i sannhet et annerledes år, koronaåret, både for vårt arbeid her i hjemme og med våre prosjekter. I tillegg ble leder sykemeldt fra 1.september, med det frafall det førte med seg. Aktiviteter har vært svært begrenset og deltakelse på aktuelle møter er blitt gjort via. Internett Utvalget har hatt informasjon i Nytt fra forbundet og også sendt oppdatert informasjon til medlemmer som har ønsket å stå på en liste for dette.

Oppfølging av prosjektene har hatt høy prioritet og vi har fått rapportering for bruk av tilsendte midler. De har hatt flere utfordringer med å holde skolen i gang, men med mindre aktiviteter er det gått bra. Elevene har fått tatt eksamen og nye har fått begynt på skolen. Ut fra mindre aktivitet har vi holdt tilbake midler til bruk i 2021, da dette året vil kreve mere.

PROSJEKTENE

Bidrag til prosjektene

Fra kretser og lag har vi mottatt 186.439 i støtte til prosjektene:

Som fordeler seg slik:

COWA kr 140.000 (inkl. månedlige faste givere og privat gave)

Krisesenteret i Sibiu kr 19.024

Unit2 Sri Lanka kr 9.915
Umwa kr 9.700
Pennies for friendship ACWW kr 5000
Fri disposisjon kr 3.000

Disse tilskuddene setter Internasjonalt utvalg stor pris på og er helt avhengige av dersom vi skal kunne fortsette å støtte prosjektene økonomisk.

Vi har i 2020 bidratt med støtte til følgende prosjekter

Kroner 25.000 er overført Krisesenteret i Sibiu

Kroner 75.000 er overført til COWA)

UMWA, mediekvinnene i Uganda, hadde akutt behov for midler til lisensavgift og med en rask anmodning om støtte fra medlemmene og bidrag fra utvalget kunne vi sende over kr 18.000

Fra Cultura bank fikk vi kr 9.715 kroner som tilskudd til Nest og Unit 2 og er overført til de.

Det er også sendt kr 5.000, Pennies for friendship, til forbundet som videresendte tidlig januar 2021. I 2020 ble det sendt kr 4.035 til ACWW.

ACWW

Også vår verdensorganisasjon har hatt mindre aktiviteter dette året, det er kommet noen nyhets bulletiner fra Europapresidenten og Verdenspresidenten. Europakonferansen som skulle vært 2020 i Glasgow, er utsatt til 19.-23. september 2022. Verdenskonferansen i Malaysia er utsatt til 17.-23. mai 2023

Internasjonalt arbeid lokalt

Også i lag og kretser har det vært mindre aktivitet dette pandemiåret, men flere lag har fortsatt med fjernadopsjon av barn, gitt støtte til andre organisasjoners arbeid, Redd Barna Sos barnebyer med flere. Flere lag har også bidratt til forbundets prosjekter.

Noen lag/kretser har samlet inn Pennies for friendship (Vennskapsmynten) til ACWW i tillegg til det bidraget som sendes fra forbundet samlet inn via medlemskontingenten.

20.august 2021

For Internasjonalt utvalg
Kristin Hansen
prosjektleder



Forbundets regnskap 2020

Regnskap Norges Kvinne- og Familieforbund 2020

Resultatregnskap

	Noter	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Budsjett 2020
Driftsinntekter				
Kontingenter		1 326 251	1 207 209	1 330 000
Annonser		16 150	3 230	16 150
Sponsorinntekter				
Refundert MVA		185 608	171 313	125 000
Landslotteriet		100 710	101 983	100 000
Tilskudd mottatt		272 250	278 750	272 250
Varesalg		18 155	20 069	15 000
Andre inntekter	1	288 861	107 927	552 700
Sum driftsinntekter		2 207 985	1 890 481	2 411 100
Driftskostnader				
Lønn, arbeidsgiveravgift	2	1 489 582	781 225	1 200 000
Forbruk varer		21 026	-21 187	37 000
Driftskostnader	3	934 776	675 509	1 277 500
Medlemsblad	4	196 225	177 319	210 000
Tap på fordringer		2 659	0	0
Sum Driftskostnader		2 644 268	1 612 866	2 724 500
Driftsresultat				
Finansinnt./kostnader				
Finansinntekter		11 304	5 165	0
Finanskostnader		0	1 171	0
Netto finansinntekter		11 304	3 994	0
Årsresultat		-424 979	281 608	-313 400

Oslo, 01.05.2021

Aina Alfredsen Førde
Forbundsleder

Olaug Johanne Tveit Pedersen
Nestleder

Randi Støre Gjerde
Nestleder

Christine Isabella R. Andreassen
Sentralstyremedlem

Oddlaug Kari Herje Hovdenak
Sentralstyremedlem

Anne Margrethe Eggestøl
Sentralstyremedlem

Inger Berger
Sentralstyremedlem

 Legally signed by
Christine Isabella Randall And
01.05.2021

 Legally signed by
Aina Alfredsen Førde
01.05.2021

 Legally signed by
Inger Berger
01.05.2021

 Legally signed by
Randi Støre Gjerde
02.05.2021

 Legally signed by
Oddlaug K. Herje Hovdenak
02.05.2021

 Legally signed by
Anne Margrethe Eggestøl
03.05.2021

 Legally signed by
Olaug Johanne Tveit Pedersen
03.05.2021



Forbundets regnskap 2020

Regnskap Norges Kvinne- og Familieforbund 2020

Balanse per 31.12

	2019	2020
Varer:		
Varebeholdning	29 318	76 887
Sum varer	29 318	76 887
Fordringer		
Andeler	600	600
Kundefordringer	0	0
Forskuddsbetalte kostnader	12 993	16 681
Sum Fordringer	13 593	17 281
Bankinnskudd og kontanter		
Kasse, bank	2 067 644	2 127 767
Sum bankinnskudd, kontanter	2 067 644	2 127 767
Sum omløpsmidler	2 110 555	2 221 935
Sum eiendeler	2 110 555	2 221 935
Egenkapital		
Egenkapital 1/1	1 823 365	1 398 387
Årsresultat	-424 978	281 608
Sum Egenkapital	1 398 387	1 679 995
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	18 642	25 596
Skyldig skatt, aga, feriepenger	212 968	135 530
Ubenyttede bevilgn. Internasjonalt arb.	115 281	185 757
Vennskapsmynten	3 875	7 745
Nedlagte lag	160 117	160 117
Motkonto Norden	0	0
Dobbelt medl. Kontingent	15 189	27 194
Annen kortsiktig gjeld	186 096	0
Sum kortsiktig gjeld	712 168	541 938
Sum egenkapital og gjeld	2 110 555	2 221 933



Revisjonsberetning



Til

Norges kvinne- og familieforbund

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Norges kvinne- og familieforbund sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 281 608. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av styrets årsmelding for regnskapsåret 2020, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Telefon: + 47 22 62 54 00 | Ryensvingen 3, Postboks 2024 Ryen, 0615 Oslo | www.langsethrevisjon.no | org.nr. 995300796



Medlem av Midtsnø Group International. En internasjonal sammenslutning av uavhengige revisjons- og konsultantselskaper.



Revisjonsberetning



Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Oslo, 3. mai 2021

Langseth Revisjon AS

Fredrik W. Langseth
Statsautorisert revisor



Henvendelser til offentlige myndigheter og andre



TIL HELSEMINISTER BENT HØIE.

Styret i helse Sør-Øst.

Helse- og omsorgskomiteen på stortinget.

Nedlegging av sjukehus i Innlandet.

Norges Kvinne- og familieforbund er sterkt uroa over nedlegging av Elverum sjukehus, dei psykiatriske sjukehusa Reinsvoll, Sannerud og planane for Gjøvik sjukehus.

Helse Sør-Øst har lagt fram planer om nedlegging av to lokalsjukehus, Elverum og Hamar og bygge eit nytt stort sjukehus i Brumunddal, samstundes skal sjukehuset på Gjøvik vere for planlagde behandlingar. Dei meiner at dei fleste sjukehustilsette i framtida vil bu i byar, men der bur og vil framleis bu folk utanfor dei store byane og. Vi er eit desentralisert land og treng sjukehustilbod i distrikta og!

Og det å legge ned psykiatriske sjukehus med det presset som er på psykiatrien, og med fleire unge som vert psykisk sjuke vert dette feil. Ta vare på dei sjukehusa vi har, og den kompetansen som er oppbygd over tid. Ikkje alt treng å ligge på same plass.

Kva med fødetilboda? Det vert mykje lengre reiseveg for mange fødande i Innlandet, det er på tide å stoppe opp og tenkje gjennom kva som skjer i helseføretaka. Vi har ikkje fleire fødetilbod vi kan ofre i landet vårt. Kva med følgjetenesta for dei fødande? Har helse Sør-Øst

nok jordmødre rundt omkring i distrikta til å dekke opp følgjetenesta?

No vert det dei som bur i Østerdalen som vil få mykje lenger veg, dette er ikkje akseptabelt! Ein kan ikkje berre tenkje stort og flott, men tryggleiken til folket som bur i distrikta må vere 'ein viktig faktor.

For Norges Kvinne- og familieforbund er tryggleiken til dei fødande viktig, og vi frykter det vert enda fleire fødsalar under transport dersom sjukehuset på Elverum vert lagt ned.

Då ein i 2012 la ned fødestova i Valdres skulle dei fødande fraktast til fødeavdelinga på Gjøvik, for dei som då hadde 92 km, 1time 30 minutt til fødestova i Valdres har no 190 km, 3 timer og 11 minutt til fødeavdelinga på Gjøvik. Dersom dei skal heilt til Brumunddal får dei 215 km, 3 timer og 38 minutt. Kva med følgjetenesta her? Kjem Valdres og Hadeland til å høyre til under sjukehuset Innlandet lenger dersom sjukehuset vert lagt til Brumunddal?

I byrjinga av 1970 åra var det 150 fødeplassar i landet vårt, i dag har vi 46.

Norges Kvinne- og familieforbund krev at det vert stopp i nedlegging/flytting av fleire fødeavdelingar/fødestover i landet vårt!

Med venleg helsing

Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førde



Henvendelser til offentlige myndigheter og andre

TIL BARNE- OG FAMILIEMINISTER KJELL INGOLF ROPSTAD

Svelgen 18.02.2020

Arbeids- og sosialminister Torbjørn Røe Isaksen

Vi les i Aftenposten 16. februar i år om ein pappa som taper 35.000 kroner i foreldrepengar på grunn av ein feil dato. Dette er noko som Nav sjølv karakteriserer som ei felle.

Dette er ikkje haldbart, og her må ministeren ordne opp!

I følgje Nav er det tre datoar fedrane må halde seg til når dei søker foreldrepengar:

- Søknaden må tidlegast sendast når barnet er født
- Nav anbefaler at man søker 4-6 veker før man skal ha foreldrepengar.
- Søknaden må sendast seinast dagen før mor har siste dag med foreldrepengar.

Denne pappaen gjorde det han trudde var rett, men likevel vart det feil og han får avkorting av foreldrepengane.

Det er viktig for familiene at begge foreldre tar sin del av permisjon, og målet er at fleire fedrar tek ut foreldrepermisjon. Då må det leggjast til rette for at dette vert enkelt for alle å gjere.

Dersom dette er ei kjent felle som mange går i er det på tide at det vert gjort noko med det. Her må Nav endre sin praksis så ein unngår denne fella i framtida.

Samtidig meiner vi statsråden må ordne opp, så dei fedrane som har mista pengane sine får dei igjen. Det er mange foreldre som i dag må ta ut permisjon utan løn fordi dei ikkje får barnehageplass når barnet vert eitt år, alt etter kvar tid på året barnet er født. Og skal ein då miste dei pengane som ein har rett på i tillegg, så er det ikkje alle som har økonomi til det.

Dette er ein konsekvens av at far ikkje har sin eigen oppteningsrett uavhengig av mors aktivitet. Dersom mor ikkje er i løna arbeid har ikkje far rett på foreldrepermisjon.

Få på plass fars eigen oppteningsrett uavhengig av mors aktivitet så løyser dette problemet seg. Vi forventar at ministeren no ryddar opp, og ikkje berre vert den tredje ansvarlege statsråden som meiner at Nav praktiserer regelverket firkanta.

Med venleg helsing

Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førde

forbundsleiar

TIL REGJERINGEN

Kalvåg 22.04.2020

Ulik foreldrebetaling i barnehagar!

Norges Kvinne- og familieforbund er gjort kjent med at det er ulik praksis med foreldrebetaling i barnehagar rundt omkring i landet, no i denne koronavirus-pandemi tida. Nokre betalar for dei timane som barnehagen er open, andre må betale full pris for 100% plass. Dette er ulikt rundt omkring, nokre har berre opent fire timar, medan andre har opent sju timar pr. dag. I tillegg så må ein betale kostpengar samstundes som ein må ha med matpakke sjølve. Dette meiner vi er veldig urett for dei foreldra som berre får tilbod om fire timer opningstid i barnehagen, og dermed ikkje har moglegheit til å jobbe 100% sjølve. Det er heller ikkje rett for alle dei som no er permittert eller har mista jobben å skal betale for full barnehageplass, når inntekta har gått ned.

Vi ber om at regjeringa lager ein felles retningsline for alle barnehagar i landet, på lik line med andre felles vedtak de har gjort. Dette for at det skal verte likt for alle uansett kvar ein bur, og om ein har privat eller kommunal barnehageplass.

Med venleg helsing

Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førde



Henvelnelser til offentlige myndigheter og andre



Norges Kvinne-og familieforbund

Deres ref

Vår ref
20/1548-617

Dato
30. april 2020

Svar på spørsmål om barnehagebetaling

Vi viser til deres henvendelse 21. april til Kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby med kopi til Barne- og familieminister Kjell Ingolf Ropstad. Dere påpeker at at det er ulik praksis med foreldrebetaling rundt omkring i landet og ber om at det lages felles retningslinjer. Vi takker for innspillet deres og tar det med oss i det videre arbeidet.

Hovedregelen er at barnehager skal gi et heltids- eller deltidstilbud på samme måte som før stengning, men de kan ha kortere eller fleksible åpningstider hvis det trengs for å ivareta kravene til smittevern. For foreldre til barn som mottar tilbud i barnehage, gjelder ordinære regler om foreldrebetaling. Dette gjelder uavhengig av antall timer tilbudet omfatter.

Kunnskapsdepartementet får svært mange henvendelser i disse dager, og situasjonen kan endre seg raskt. Vi anbefaler deg derfor å følge med på Utdanningsdirektoratets nettsider. Her legges det løpende ut oppdatert informasjon og veiledning:

Med hilsen

Matias Nissen-Meyer (e.f.)
avdelingsdirektør

Marie Wien Fjell
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for
barnehage og
grunnskole

Saksbehandler
Marie Wien Fjell
22 24 74 88



Henvendelser til offentlige myndigheter og andre

TIL HELSEMINISTER BENT HØIE

Kopi til Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget.
Svelgen 30.06.2020

Styrking av fødselsomsorga?

13. juni ber statsråden sjukehusføretaka om å styrke fødselsomsorga rundt omkring i landet, nesten samstundes så varslar 6 av landets 46 fødeavdelingar at dei stenger mellom 4-8 veker i sommar. Dette er heilt uakseptabelt meiner Norges Kvinne- og familieforbund. Vi veit alle at sommaren er høgsesong for fødselar i Norge, så ein burde heller styrka tilbodet. Men kvart einaste år varslar fleire helseføretak at dei stenger fødeavdelingar om sommaren, sånn kan vi ikkje ha det framover.

Usikkerheita som dei fødande kjenner på når fødeavdelinga vert sommarstengt vert ei ekstra belastning for dei fødande. Dei får då ein mykje lenger reiseveg til fødeavdelinga, og vi veit at det manglar følgjeteneste i 77 av landets kommunar. (ut frå VG si undersøking). Det er ca 300 kvinner som ufrivillig føder utanfor fødeavdelingane kvart år. Kven har ansvaret dersom noko går gale?

Det må verte slutt på at det er innanfor fødselsomsorga det skal sparast kvar einaste sommar. Helseføretaka i Norge må vise at dei tek bekymringane frå jordmødrene på alvor, og opprettheld fødeavdelingane om sommaren og. Dette er noko vi i forbundet har påpeika i mange år.

Dersom regjeringa og statsråd meiner at fødselsomsorga skal styrkast må det setjast av øyremerka pengar på statsbudsjettet til styrking av fødselsomsorg rundt omkring i helseføretaka, det er ikkje hjelp i å be om styrking utan at det føl pengar med.

Norges Kvinne- og familieforbund ber regjeringa setje av øyremerka midlar på neste års statsbudsjett til styrking av fødselsomsorg rundt omkring i helseføretaka.

Med venleg helsing
Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsén Førde
forbundsleiar



Henveldeiser til offentlige myndigheter og andre

TIL ALLE PARTIA PÅ STORTINGET

Svelgen 14.09.2020

Kontantstøtta er ikkje gått ut på dato! Kontantstøtta er ikkje ei ventestøtte!

Kvifor skal det heile tida vere kva som er best for velferdsstaten? Kva med å snu det til kva som er best for barnet? Det kostar kanskje litt ekstra for velferdsstaten med eit år kontantstøtte, men kva får velferdsstaten igjen for dette seinare?

Vi veit i dag at det er fleire små barn mellom eitt og to år som får auka stresshormonet kortisol i løpet av dagen dei er i barnehagen, samstundes som dette sank dei dagane barna var heime. Veit vi noko om kva dette kan gjere med den psykiske helsa?

Kontantstøtta er med på å gje foreldra eit verdival om å kunne vere heime med barnet til det er to år. Det er barna sitt beste som er det viktigaste, og for eit barn på eitt år er ikkje alltid det beste for barnet å vere i barnehagen. Kva som er rett for den einskilde familie er det berre foreldra sjølv som veit. For enkelte er det kanskje det å vere heime med barnet sitt dette ekstra året som er rett, for andre er det rett å ha barnet i barnehage. Ein reel mogelegheit til å kunne velje omsorgsform for eigne barn!

Ein barnehageplass for ein eittåring kostar staten tre gonger så mykje som ein får i kontantstøtte. Fødd fleire barn har statsministeren sagt i ei nyttårstale, då må vi og leggje meir til rette for at småbarnsfamiliar skal kunne ta sine verdival, ikkje ta frå dei den eine mogelegheita dei har til å ta eit val om å vere heime eitt år ekstra.

Ein burde heller auka kontantstøtta i staden for å fjerne den!

Med venleg helsing

Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førde



Høringsuttalelser

INNSPEL TIL SKYGGERAPPORT PÅ ISTANBULKONVENSJONEN.

Norges Kvinne- og familieforbund kjem med desse innspela til skyggerapporten på Istanbulkonvensjonen.

1- Viser til kapittel VI, etterforsking, påtale, prosesslov og vernetiltak.

Artikkel 49- generelle plikter.

Rettsleg: Kvinner som opplever valdtekt erfarer at det vert lang tid frå saka er klar for retten til den faktisk kjem opp. Dette har i hovudsak med kapasitet å gjera. Mykje har vorte gjort, men framleis må meir gjerast. Kapasiteten MÅ utvidast. Den lange tida vert ei ekstra belastning for kvinna. Dei må stadig oppleve at saka kjem opp, igjen og igjen.

2- Viser til kapittel IV, vern og støtte.

Artikkel 23- krisesenter.

Krisesenter: Kvinner som opplever vald i nære relasjonar er avhengig av krisesentera. Kapasiteten må aukast. Mange kvinner og deira barn opplever å vere veldig lenge på krisesentera, dette var ikkje meininga då sentera i si tid vart oppretta. Forbundet har tidlegare tatt til ordet for at det bør vere senter der det i større grad er tilrettelagt for lenger opphald. Ein form for «ettervernsenter». Då vert det betre kapasitet å dagens senter. Finansieringa må sikrast betre enn den er i dag.

3- Viser til kapittel IV, vern og støtte.

Artikkel 22- spesialiserte støttetjenester. Valdsutsette må få betre behandlingstilbod dersom dei har behov for det. Kjøa for å få hjelp innanfor psykisk helsevern er lang, og ventetid for denne gruppa kan gje ytterlegare forverring av tilstanden.

4- Viser til kapittel VI, etterforsking, påtale, prosesslov og vernetiltak.

Artikkel 53- pålegg om besøks- eller kontaktforbod.

Det er vedtatt bruk av omvendt valdsalarm.

Dessverre så er ikkje dette tatt så mykje i bruk. Fokuset må intensiverast på dette. Vidare så må det auka innsats til når alarmen utløysast. Det kan medføre behov for auka politiresursar- uansett om det er i by- eller distrikt.

5- Viser til kapittel III, førebygging.

Artikkel 16- førebyggjande inngrep og behandlingsprogram.

Det må settast i gang eit behandlingstilbod til innvandarmenn som kjem med krigstraume. Dei treng behandling for sine opplevingar. Det vil mogeleg gje mindre bruk av vald. Her kan ein vurdere å ta med barn for å forebygge framtidig bruk av vald.

Med venleg helsing

Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førdeforbundsleiar

HØRING: HØRING - NOU 2019:19 JENTEROM, GUTTEROM OG MULIGHETSROM

Høyringsdokumenta er veldig grundig forklart. Det einaste Norges Kvinne- og familieforbund meiner burde vore med, er at det bør forskast på barnas første leveår i heimane og barnehagen og korleis kjønnsrollane allereie vert lagt der.

HØRING: HØRING - RUSREFORM FRA STRAFF TIL HJELP

Lever: 31.03.2020 14:29:24

Norges Kvinne- og familieforbund ser moglegheita for at fleire kan få hjelp, når styresmaktas reaksjon mot personar som tas for bruk og innehaving av narkotika går frå straff til hjelp, at reaksjonane overførast frå justissektoren til helsesektoren. Og at det igjen kan gje eit betre liv til pårørande av rusavhengige, ikkje minst med tanke på barn og deira familiar. Vi har kanskje ikkje så store forutsetningar for å sei noko om oppgåva rusreformutvalet har fått angående gjennomføringa og kva modell som skal brukast i den nye rusreforma. Men vi ser moglegheita for at den kommunale helse- og omsorgstenesta kan styrkes ved ein slik modell. Som igjen kan



Høringsuttalelser

føre til at blant anna foreldre med mistanke om rusproblem blant egne barn, enklare kan finne ut kvar dei skal vende seg til for å få hjelp.

HØRING: HØRING- FORSLAG TIL ALTERNATIV REGULER- ING AV PASIENTFORLØP I SPESIALISTHELSETJENESTEN

Lever: 31.03.2020 15:11:31

Kvittering på innsendt høringssvar på Høringforslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten. Denne høyringa er ei oppfølging av ein høyringsrapport frå tidlegare, oppdrag om å utgreie og skissere alternative modeller for korleis pasientars pasientforløp i spesialisthelsetenesta kan regulerast og registrerast. Dagens regelverk seier at ein pasient som tilvisast spesialisthelsetenesta, skal få informasjon innan 10 dagar etter at tilvisinga er mottatt. Denne informasjonen skal gje pasienten svar på om vedkommande har krav på helsehjelp. Dersom pasienten har rett på helsehjelp skal det samtidig informerast om tidspunkt for når behandling skal setjast i gang. Skiljet som har vore mellom juridisk frist til utredning og juridisk frist til behandling har vore vanskeleg å forstå og praktiserast. Dessutan har ikkje pasientane nødvendigvis fått eit betre pasientforløp. I høyringsnotatet vert det føreslege å oppheve skiljet mellom juridisk frist til utredning og behandling. Den juridiske fristen vert knytt opp til første oppmøte i spesialisthelsetenesta. Det skal ikkje vere anledning til å sette opp en time berre med ein intensjon om å oppfylle fristen, for deretter å la pasienten vente uforsvarleg lenge på det vidare pasientforløp. Spørsmålet om første oppmøte kan også gjelde for e-konsultasjon. Vi i Norges kvinne- og familieforbund støtter dette forslaget om endring. På kort sikt må ein rydde opp slik at like pasientar får like rettigheter, uavhengig av kvar dei mottar helsehjelp. Det må jobbast mot å oppheve skiljet mellom frist til utredning og behandling, men også andre tiltak av ikkje-rettslege karakter som kan understøtte dei gode pasientutviklingane. Det er innført pakkeforløp for kreft, hjerneslag, psykisk helse og rus. Vi støtter Helsedirektoratet som vil utvikle fleire pakkeforløp for fleire diagnoser. Dette vil være med på å redusere uønskt variasjon mellom sjukehus og regionar, og dessutan forbetre kvaliteten på registrering i spesialisthelsetenesta.

HØRING: HØRING - BRUKEN AV SAKKYNDIGE I FOREL- DRETIVISTSAKER

Lever: 30.08.2020 17:24:48

Norges Kvinne- og familieforbund jobbar for best mogleg oppvekstvilkår for barnet. Derfor stiller vi oss fullt ut bak målet til denne høyringa: Å auke kvaliteten på sakkunnigarbeidet i foreldretvistsaker for domstolen. Dette for å unngå at låg kvalitet på sakkunnig fører til feil avgjerd som kan føre til at barn veks opp i uheldige eller skadelege omsorgssituasjonar. Det er viktig at det er lik tilgang på sakkunnige i heie landet

Høring: Høring - Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (Samarbeid, samordning og barnekoordinator)

HØYRINGSNOTAT: BETRE VELFERDSTJENESTER FOR BARN OG UNGE SOM HAR BEHOV FOR ET SAMMENSATT TENESTETILBOD

Lever: 29.10.2020

Dette er eit høyringsnotat som tek opp ein omfattande del av livet til barn/unge med funksjonsnedsettingar og sjukdom. Vi har konsentrert oss mest opp kapittel 8 om samordning av tenestetilbodet til barn og unge. Kvardagen som foreldra har er ein jungel av menneskje, meiningar og lovverk. Ein bruker enormt mykje tid til å orientere seg, og ikkje minst koordinere kvardagen og hjelpeapparatet. Dette er enormt tidkrevjande ved sida av ein utfordrande livssituasjon med barn som er sjuke og eller har funksjonsnedsetjing. Vi ser veldig positivt på forslaget i høyringsnotatet at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator. Det vil gje ein betydeleg ressurs i ein krevjande kvardag. Ein koordinator som hjelper familien gjennom ein jungel av paragrafer, lovverk, hjelpeapparat, ein som er samlande, koordinerer alle instansar både av rettar men også dei forskjellige menneska og kontor. Ein barnekoordinator er den eine døra ein treng. Når ein har fått eit barn med alvorleg sjukdom og funksjonsnedsetjing har ein meir enn nok å stilla seg til. Viktig å få understreke at koordinatoren i kommunane er veldig viktige i kontakta mellom spesialisthelsetenesta. Foreldra får ofte vite av spesialisthelsetenesta



Høringsuttalelser

kva som skal til i kommunen, men når dei kjem dit er det mangel på både menneskelege og økonomiske ressursar. Ein koordinator kan være med å synleggjere dette. Når departementet seier i lovforslaget at alle kommunar skal ha en barnekoordinator er det viktig å understreke at det må følge med økonomiske ressursar. I dag er det enorme ulikskap mellom kommunane og du er heilt avhengig av kva kommune du bur i for å få godt nok tilbod. Vi må nok innrømme at vi er redd for mange fine ord i frå staten, men at det ikkje følgjast opp der ein bur på grunn av menneskelege og økonomiske ressursar. Kven skal få tilbod om koordinator? I høyringsnotatet blir det nemnt dei med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetjing. Kven skal avgjere om det er alvorleg nok? Vi er redd for at det vert vurdert etter skjønn og ulikskap på kven som får denne tenesta, alt etter kvar ein bur. I ein situasjon kor livssituasjonen endrar seg etter at ein har fått eit barn med ekstra behov, kan ein ha behov for ein koordinator uavhengig av lengda på tida ein treng denne tenesta. Foreldre er ulike og nokon treng litt rettleiing i ein endra livssituasjon. Så på bakgrunn av dette er vi redd for at mange får avslag på hjelp av denne koordinatoren fordi «problemet» ikkje er alvorleg nok. Fleire stader i høyringsnotatet er alder på kven som skal ta imot tenesta talfesta. Dette er vi veldig skeptisk til. Når det gjelder samarbeidsplikt så vert det sagt i høyringsnotatet at NAV skal få ei plikt til å samarbeide med andre velferdstenester. Dette skal gjelde barn og unge under 25 år (står i kap. 7.2.2) Når det gjeld ordninga med barnekoordinator er myndighetsalderen nemnt som ei øvre grense. Da tenkjer vi at vi ikkje lenger kallar det ein barnekoordinator, men berre koordinator. For mange menneske med utviklingshemming og menneske med store og omfattande multifunksjonsnedsetjing er aldersgrense veldig vanskeleg å setje. Dette er menneske som gjennom heile livet treng koordinering av tenester og klare avtalar mellom dei ulike hjelpeinstansar. No i dag er menneske med så store behov og som har passert 25 år heilt avhengig av pårørande, gjerne foreldra, som tar på seg denne koordineringa. Og vi veit at etter mange år som pårørande med store og omfattande oppgåver så er ein utsliten når «barnet» passere 25 år. Ein koordinator er vel så viktig for dei. Det er nemnt at den enkelte kommune og føretak sjølv skal avklare den aldersmessige avgrensinga. Dette vil vi åtvare mot. Da vil vi få store skilnader

frå kommune til kommune over kven som får hjelp etter 25 år og det blir heilt avhengig av kvar du bur. (kap. 7.2.2) Vårt råd er at de ikkje setter alderstak, men at alle har krav på koordinator og samarbeid mellom dei ulike tenestene. I kap. 7.2.2 om tverrfagleg samarbeid så nemnast det lovpålagte samarbeidsavtaler. Dette er veldig bra, men igjen så må det følgjast opp med ressursar både økonomiske og menneskelege for ulikskapen er stor mellom kommunane og bydelane. Når det gjeld kap. 6 om samarbeid er vi glad for at det i høyringsnotatet understrekar ordet PLIKT til samarbeid mellom dei ulike etatane og tenesteytarane. Det kan ikkje understrekast nok at samarbeid gjev det beste tilbodet til dei som treng det. Det må og være ei plikt til samarbeid mellom kommunar, fylker, sjukehus og ikkje minst spesialhelsetenesta. Spesielt mellom spesialhelsetenesta og kommunar spriker det ofte med samarbeidet! Individuelle planer kjem godt med i dette høyringsnotatet. Dette er noko alle må bli flinkare på å utarbeide og ikkje minst ansvarleg gjere kven som har ansvaret for å sette i gong dei ulike tiltaka. Alle som er rundt familiane skal ha ei plikt til å vere med å utarbeide desse individuelle planane, og dette er eit viktig dokument for alle familiar som har sjuke og eller barn med funksjonsnedsetjing. I disse individuelle planane skal heile løpet være med, og for å ta eit eksempel er overgangen mellom barnehage og skule noko som må planleggjast i god tid. Ein slik plan tydeleggjer kommunens plikt til koordinering av tenestetilbodet og ikkje minst universell utforming. Alle individuelle planer skal være forpliktande, det gjev føreseielegheit og tryggleik for familiane. Desse planane skal ha ein heilskapleg tankegang. Når det gjeld forslag til nye lover i Kap. 14 så skal ikkje desse ha kan/bør lover, men skal/må lover. Kan/bør lover gjev tolking av lovverket som ikkje gjev ein tryggleik til dei som mottar tenester. Da kan lovverket fort bli ein salderingspost for kommunane. I kap. 14.1.8 om sosialtenestelova ny §13 a : Samarbeid og samordning av tenester til personar under 25 år. Denne aldersgrensa er vi sterkt imot. Dette går veldig utover dei som er eldre enn 25 år og som har store og omfattande funksjonsnedsetjingar. Mange av desse menneska har ein såpass stor skade at aldersgrense blir helt feil og at deira krav på eit godt tilbod kan bli vekke i kommunar med dårlege økonomiske og menneskelege ressursar.



Pressemeldinger og leserinlegg

**DETTE VART SENDT UT SOM PRESSEMELDING
22.04.2020, EIN NESTEN LIK ORDLYD VART SENDT
21.04.2020 TIL KUNNSKAPS- OG INTEGRERINGSMIN-
ISTER GURI MELBY OG BARNE- OG FAMILIEMINISTER
KJELL INGOLF ROPSTAD.**

ULIK FORELDREBETALING I BARNEHAGAR!
Kalvåg 22.04.2020

Norges Kvinne- og familieforbund er gjort kjent med at det er ulik praksis med foreldrebetaling i barnehagar rundt omkring i landet, no i denne koronavirus-pandemi tida. Nokre betalar for dei timane som barnehagen er open, andre må betale full pris for 100% plass. Dette er ulikt rundt omkring, nokre har berre opent fire timar, medan andre har opent sju timar pr. dag. I tillegg så må ein betale kostpengar samstundes som ein må ha med matpakke sjølve. Dette meiner vi er veldig urett for dei foreldra som berre får tilbod om fire timer opningstid i barnehagen, og dermed ikkje har moglegheit til å jobbe 100% sjølve. Det er heller ikkje rett for alle dei som no er permittert eller har mista jobben å skal betale for full barnehageplass, når inntekta har gått ned.

Vi ber om at regjeringa lager ein felles retningsline for alle barnehagar i landet, på lik line med andre felles vedtak de har gjort. Dette for at det skal verte likt for alle uansett kvar ein bur, og om ein har privat eller kommunal barnehageplass.

*Med venleg helsing
Norges Kvinne- og familieforbund
Aina Alfredsen Førde
forbundsleiar*

NEDLEGGING AV FØDEAVDELINGAR/AKUTTFUNKSJONAR
Kalvåg 08.05.2020

Norges Kvinne- og familieforbund har i alle år stått på for fødande kvinners situasjon rundt omkring i landet. Vi er eit langstrakt land, og vi ønskjer alle at det skal vere ein spreidd busetnad i heile landet. Då må ein og leggje til rette for at det ikkje vert for lang avstand for fødande kvinner til næraste fødeavdeling.

Vi skal ha eit differensiert og desentralisert svangerskaps- fødsels- og barselsomsorg i Norge! Vi meiner det er lagt ned alt for mange fødeavdelingar allereie i Norge, og oppmodar alle politikarar om å tenkje seg om når dei skal gjere nye vedtak i sjukehusstrukturen.

I byrjinga av 1970 åra var det 150 fødeavdelingar rundt omkring i landet i dag er det 45.

Framleis ønskjer ein del politiske parti å leggje ned, eller slå saman fleire fødeavdelingar, dette må stoppast. Vi har mange smale, svingete vegar, og fjellovergangar i landet vårt, mange må i båt eller ferje i tillegg til å liggje fastspent i ein ambulanse. Ofte er fjellovergangar stengt om vinteren, og det er ikkje alltid like bra ver på sjøen. Uansett kvar ein bur i landet så er det allereie nokon som har lang avstand i dag, og dersom ein legg ned nokon eller slår saman nokon, så vert det lengre reiseveg for mange. Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre fødande, men alle typar akutfunksjonar.

Dersom ein vel å leggje ned fleire fødeavdelingar, så må ein auke opp i følgjetenesta, då må det utdannast og tilsettast betydeleg fleire jordmødrer rundt omkring i distrikta. Korona pandemien har vist oss at Norge ikkje har vore gode nok på beredskap, og ein har sett behova for ein desentralisert akutfunksjon i heile landet.

Ein bør ikkje leggje ned fleire fødeavdelingar/ akutfunksjonar nokon stad i landet, dette skal vere ein tryggleik for alle så vi kan bu over heile landet.

**BEHALD DAGENS FØDEAVDELINGAR/
AKUTTFUNKSJONAR!**

*Med venleg helsing
Norges Kvinne- og familieforbund
Aina Alfredsen Førde
Forbundsleiar*



Pressemeldinger og leserinlegg

FNS INTERNASJONALE FAMILIEDAG- 15. MAI.

Svelgen 13.05.2020

Kvart år vert den internasjonale familiedagen markert rundt omkring i verda.

I år er det eit veldig spesielt år for dei fleste, men verst er det for alle dei som no må vere isolert i heimane sine ilag med nokon som utøver vald i nære relasjonar. Spesielt gjeld dette vald mot kvinner og barn. Når barna ikkje lenger går på skule, samfunnet er stengt ned, og den globale resesjonen blir stadig større, aukar stressnivået i familiane. Barna er både ofre for, og vitne til vald og overgrep i heimane. For mange barn i verda er skulemåltidet det einaste faste måltidet dei får i løpet av dagen, og mange vil no ikkje få dette.

Medlemmer av vårt internasjonale forbund Associated Country Women of the World (ACWW) i meir enn 80 land meldar om at alle former for diskriminering av kvinner har auka under pandemien som no har råka heile verda. 25 år etter Beijing plattformen er vi framleis langt unna å oppnå måla som vart vedtatt der.

Dei grunnleggande menneskerettane gjeld og for kvinner. Men den globale pandemien gjer at det er

ein stor auke i vald mot kvinner og jenter, i enkelte land vert det rapportert opp mot 30% auke av vald. Desse tala er ikkje rette, for i tillegg kjem alle dei som ikkje vert rapportert inn, så regjeringane har ein jobb å gjere med å samle inn og publisere ikkje berre verknaden av Covid-19 relaterte sjukdommar, men og den omkringliggjande øydelegginga forårsaka av isolasjonen som er pålagt av regjeringane.

Det er desse som allereie er dårleg stilt frå før som merker dei største konsekvensane av Covid-19. Dei som har lav inntekt, dei som opplever vald i nære relasjonar og manglar meningsfulle politiske stemmer, som vil få dei største utfordringane i året som kjem.

Vi håper at lærdommen av denne pandemien gjer at alle viser meir omsorg for kvarandre, at det vert jobba mot vald i nære relasjonar og at dei grunnleggande menneskerettane skal gjelde for kvinner og.

*Med venleg helsing
Norges Kvinne- og familieforbund
Aina Alfredsén Førde
forbundsleiar*



Årsmeldinger fra kretsene

BERGEN OG MIDTHORDLAND KRETS AV NORGES KVINNE- OG FAMILIEFORBUND

ÅRSMELDING 2020

Kretsstyret 2020 etter årsmøtet:

Kretsleiar	Eldbjørg Gunnarson Tertnes lag
Kasserar	Randi Støre Gjerde Prestestien/ Skinstø lag
Sekretær	Ingrid Axelsen Tertnes lag
Studieleiar	Anne Britt Bø Ulriken lag
Styremedlem	Solveig Thomassen Ulriken lag
Varamedlem	Anne-Kristine Bakke Hundvåkøy lag
Varamedlem	Christine Andreassen Laksevåg lag
Varamedlem	Brita Lund Os lag

ARBEIDET I KRETSEN

Kretsen har 10 lag ut året, og hadde ved årsskiftet ca 280 medlemmer. To lag la dessverre ned arbeidet i 2020. Fleire lag har ein del familiemedlemmer, og to har æresmedlemmer.

Kretsstyret har hatt 6 ordinære styremøte. I tillegg har vi hatt kontakt på telefon og e-post.

ARRANGEMENT

Korona-pandemien har lagt store begrensingar på all aktivitet i både lag og krets, men vi har fått til noko.

Årsmøtet 2020 vart avvikla 11. juni kl. 18.00–20.30 på Grand Hotel Terminus. 23 personar med røysterett stilte.

Kretsen løyvde kr. 70.000,- til K&Fs internasjonale utval, kr.5.000,- til ACWW "Pennies for friendship", og ga styret fullmakt til å vurdere eventuell søknad frå "Aktivt pusterom" i Fyllingsdalen. Styret fekk også fullmakt til å utarbeida ein uttale til landsmøtet med hovedtema Beredskap/ kornlager/medisinlager.

Alle i styret vart attvalde.

Avslutta med lotteri med gåver frå medlemmer, m.a. boka Bygdebakst og gommegraut, som vi fekk frå Eksingedalen lag som takk for løyving i 2019.

Ope møte 3.mars i samarbeid med Kvinnefestivalen: "Født Bergenser, blitt Bergenser. To unge kvinner frå Fargespill fortalde om korleis det var å vera oppvaksten i Bergen, og å koma til Noreg som ungdom, og korleis det var å tilpassa seg det norske samfunnet med utdanning og jobb, mogelegheit og utfordringar. Noterommet, Bergen off. bibliotek. 20 til stades.

Kretsleiar skreiv i ettertid eit innlegg i medlemsbladet: Korleis klarar vi som er oppvaksne i Norge å ta imot våre nye landskvinner, skjønna kva problem dei står ovanfor og hjelpe dei inn i samfunnet? Vi har mange "kodar" vi ikkje sjølv er bevisste på, og då er det ikkje lett å formidla kunnskapen vidare, om vi gjerne vil. Dei stenger for språklæring, endå meir i dagleglivet, skole, barnehage – for småbarnsmødre, storfamiliane osv. Til slutt eit relevant spørsmål for oss i K&F: flyktningkvinner inn i organisasjonslivet.

ANNA ARBEID I KRETSEN:

- Revidert framlegg til endring i foreldrepermisjon vart sendt til Landsmøtet, sameleis uttale frå kretsårsmøtet om beredskap. I og med at Landsmøtet er utsett, ba vi om at Sentralstyret skulle handsama sakene vidare. (Den første saka er sendt vidare til politikarar i mars 2021)
- Kretsen har uttalt seg til Oslo krets om deira framlegg til organisasjons-endingar.
- Planlagt medlemsmøte 16. november ble avlyst. "Bergensere – oppvekst og liv, og bøkene om dem". Foredrag blir forsøkt holdt i 2021.
- Arkiv – Straumsgrend leverte inn arkiv til kretsen. Bede om at Prestestien/Skinstø samlar sine og leverer til ArkivVest. Prøver samla arkiv frå Laksevåg pga sjukdom for tidlegare lag- og kretsleiar.
- Kretsleiar sende 14.11. innlegg til Bergens Tidende etter leiar om kontantstøtta. Delt på Facebook, også på forbundet si side.
- Styret sende brev til Bergen kommune om nedlegging av institusjonskjøken ved Kolstibotn og Lyngbøtunet, som var foreslege i budsjettet for 2021.
- Vi har oppretta Facebook-side, kalla K&F Bergen og Hordaland. Her må vi få hjelp til å gjera den betre.

REPRESENTASJON:

Nordens kvinneforbunds konferanse, planlagt på Island i juni, er utsett til 2022. Det medfører at konferansen truleg blir i Bergen i 2023. Landsmøtet i oktober er utsett til oktober 2021.



Årsmeldinger fra kretsene

VERV I KRETSEN OG SENTRALT:

Merethe Brattetaule er internasjonal kontakt i kretsen, og Bjarnhild Hodneland beredskaps-kontakt. Ho har også verv i Norsk Totalforsvarsforum (før KFB).

Randi Støre Gjerde er nestleiar i K&F (2018 -), og medlem av Prinsippprogramkomiteen.

Christine Andreassen er framleis sentralstyremedlem (2014 -) og 2.representant i ACWW.

Solveig Thomassen er leiar for Prinsippprogramkomiteen.

Eldbjørg Gunnarson er medlem av Kontrollkomiteen, og Elin Hvidsten vararepresentant.

DELTAING I ANDRE ORGANISASJONAR:

- Norske Kvinners Sanitetsforening inviterte til møte 22.10.2019 om oppstartprosjektet Kvinnehelsehus i Bergen. Randi Gjerde og kretsleiar møtte. Dei arbeider no med mangfoldssamtalar og prosjektoppfylgning.
- Solveig Thomassen deltok på LO-konferanse om Vold mot kvinner i november.
- Kvinneklubben inviterte til møte om eit Brukarpanel for tettare og meir uformell kontakt med organisasjonar som er særleg engasjert i kvinnehelsesprosjekt. Møtet vart halde 09.01.2020, og Randi Støre Gjerde representerte forbundet og kretsen. Oppfølgingsmøte 26. mars vart avlyst.
- Stiftelsen DAM inviterte til Frokostmøte 15.01. om "Lev Vel". Randi, Solveig og Eldbjørg deltok.
- Senter for Seniorpolitikk inviterte til frukostmøte på Grand 4.3.20 om pensjonistar og arbeidslivet. Randi og Eldbjørg deltok

ØKONOMI:

Kretsen har god økonomi, og har difor kunna gje støtte til fleire av laga til jubileum og foredrag, til Internasjonalt utval og Pennies for friendship. 8.mars-markeringa i Bergen fekk kr. 1.000,- også i 2020, og kretsen gjev fast kr. 5.000,- til Landslotteriet. "Aktivt pusterom" i Fyllingsdalen søkte om støtte til sine aktivitetar, og det vart løyvd kr. 25.000,-.

Aktivitet i laga. På grunn av pandemien har det vore lite aktivitet i laga.

Skjoldtun lag har i hovudsak hatt fokus på sikker drift av barnehagen og utbyggingssaker i nærmiljøet. Styrrar i barnehagen vil pensjonera seg i 2021, og arbeidet med å finna ny styrrar er i gang. Ingen opne arrangement pga pandemien.

Ulriken lag rakk å arrangera årsmøtet før alt vart stengt ned. Laget deltok på årsmøtet i kretsen. Har no 19 medlemmer, 1 æresmedlem.

Os lag fekk til heile 4 møter (inkl. årsmøtet) i 2020. Hovedsak var diskusjon om framtida for laget. Dei har 15 medlemmer, alle eldre. Leseringen "Høy alder, stor leseglede" har halde fram-

Laksevåg lag hadde årsmøte i februar, der dei bevilga pengar til diverse andre foreningar. Dei gav og pengar til digitalisering av ein gamal film med intervju av Marie Michelet. Laget sitt arkiv er samla og lagra i eige skap i Laksevåg kulturhistoriske museum. Laksevåg-bunaden vart i si tid utvikla av krefter i laget, og det vart halde mange kurs. Sal av bunadssølv går framleis via laget.

Tertnes lag rakk akkurat årsmøtet før nedstenging. Lesesirkelen fekk til 3 treff, og Torsdagstreffet hadde treff til mars, og dagstur og 4 treff i haust, med corona-ommøblering av lokalet. Som vanleg hadde vi dugnad på Monsmarken før slåttene, som laget betalar. Aktivitetsstipendet for småskolebarn vart delt ut til 1 mottakar. 48 medlemmer, 1 æresmedlem.

Nordås lag hadde ingen aktivitet i 2020. All-Huset er framleis leigd ut til Nordåstræet barnehage. Uendra medlemstal, 6 personar.

Hundvåkøy lag rakk eit medlemsmøte 11. mars. Dei har sendt brev til soknerådet om utviding av kyrkjegarden og innkjøp av ekstra klappstolar til kyrkja. Laget kunne ikkje ha den årlege Samfunnshusbasaren, men selde lodd. Dei fekk inn meir enn budsjettert og var stornøgde. 26 medlemmer.

Kolbeinsvik lag hadde årsmøte 12.3.20, Styret vart då redusert til 4 personar.. Ingen lagsaktivitet. Driftar framleis barnehage i Kolbeinsvik. 19 medlemmer.

2 lag la ned i 2020, Straumsgrend og Prestestien/ Skinstø.

Straumsgrend har slite med barnehagen som vart omorganisert til samvirke for ein del år sidan, og kontakten med laget har minka. Det vart mykje dobbeltarbeid for styret, og ingen nye som ville ta over. 53 medlemmer ved siste årsmøte.

Prestestien/Skinstø har primært hatt aktivitet innan Kunst og kultur-ringen, og fortset med den utan samarbeid med kretsen. 6 medlemmer. To medlemmer har meldt overgang til Tertnes.



Årsmeldinger fra kretsene

ÅRSMELDING 2020 ROMSDAL KRETS NORGES KVINNE- OG FAMILIEFORBUND

Romsdal krets bestod i 2020 av 3 lag med 32 medlemmer. Styret hadde representanter fra alle laga og var satt sammen slik:

Kretsleder Kasserer Skriver Styremedlem
Styremedlem

Gerd Rosberg, Kleive KF Oddlaug Hovdenak,
Vågane KF Ingrid Sandøy, Sandøy KF Reidun
Ellingsgard, Kleive KF Reidun Berg, Vagane

I 2020 hadde styret bare ett fysisk møte, ellers ble telefonen flittig brukt.

Vi fikk avslutta lotteriet vårt, og gjort vedtak for videre arbeid i et vanskelig år for alle på grunn av pandemi og nedstengelse av samfunnet.

Vi måtte utsette årsmøtet på ubestemt tid. Det valgte styret fra 2019 ville fortsette fram til det kan avholdes et nytt årsmøte.

Laga i kretsen hadde 11 lagsmøter og 4 lagsamlinger dette året.

På grunn av coronapandemien ble det ikke holdt noen form for samlinger i kretsens regi i 2020, men i oktober var forbundsleder i Molde og tre fra hvert lag fikk møte henne.

Økonomisk fikk kretsen et fint overskudd av lotteriet.

Ett lag hadde støtta prosjektet i Cowa med pengegave, i tillegg gikk 10 kroner av kontingenten medlemmene betaler til forbundets internasjonale arbeid.

På grunn av restriksjoner i sosialt samvær hadde laga minimalt med aktiviteter. På de lagsmøtene som ble gjennomført tok de opp tema fra forbundets satsningsområder. I tillegg ble det rydda og planta på kirkegard, foretatt utflukt med middag og besøk på gartneri, og i forbindelse med kurs ble det tur til husflidsutsalg på jakt etter nye ideer til kurs.

Det var registrert 5 kurs i kretsen i 2020.

Tema strakte seg over mange emner, fra organisasjonskurs - formingsteknikker - hardangersøm - lokalhistorie tradisjoner - til medlemskurs med blant annet enkel snekring.

Takk til laga som har stått på i det tunge og vanskelige år 2020. Håper det året som ligger foran oss vil bli lettere, vi savner alle det sosiale livet i lagsmiljøet.

Kretsstyret v/ Gerd



Årsmeldinger fra kretsene

ÅRSMELDING SOGN OG FJORDANE KRINS 2020.

Årsmøte for 2019 vart utsett og på ny planlagt på Comfort hotel Victoria i Florø 10.-11. april 2021 året då Florø fyller 100 år!

Så kom covid 19 og sidan har både krins og lag vore lamma av nedstenginga i samfunnet. Sakene som var innkomne til krinsårsmøtet blei oversende til årsmøte 2020.

No er vedtak gjort i styret om at det blir digitalt møte i år og Rita kallar inn, så det er viktig at vi får rett e-post adresser til dei som skal vere med.

STYRET HAR HATT EIT STYREMØTE I AURLAND OG HAR HATT DENNE SAMANSETNINGA:

Gunnvor A. sunde, leiar

Björg Meek, nestleiar

Gyda Benæs, kasserer

Rita Holsen, styremedlem

Oddbjørg Veum, styremedlem

1. Vara Kårhild Melheim Rinde

2. Vara Ann Kviteberg

Internasjonal kontakt: Vik K&f-lag v/Eva Vatlé Skeie

Revisorar: Marit Haugen Gjervik, og

Reidun Enstad Våge K&f

Valkomite: Kjelkenes og Kumle

Det er kome inn få årsmeldingar. Krinsleiar sende ut påminning den 11.02.2021 etter styremøtet i krinsen om å sende inn årsmeldingane, sjølv om det har vore lite eller ingen aktivitet.

Krinsen har 13 lag og rundt 160 medlemmar.

Aktiviteten i laga spanner likevel frå drift av barnehage til skulefrukost, men mindre besøk på sjukeheimar og kursaktivitet.

Grasrotandel er ei ordning som nokre lag får uttelling på, ellers er lotteri ei fast inntektskjelde, noke som og har blitt mindre av i 2020 då vi ikkje har kunna lage so mange tilstellingar, noke som påverkar både økonomien i laga og i Internasjonalt utval, likevel har dei mest kreative fått pengar inn t.d. gjennom digital basar. Imponerende! Mykje av dialog og planlegging i laga har skjedd gjennom e-post, meldingar og telefon.

Aktivitet i laga:

- Strikkekveld
- Trafikksikkerheit og veglys
- Yoga
- Hjelp til kulturhus, oppussing, nedvask
- Digital basar
- Fadderbarn
- Støtte til krisesenter
- Innspel til kommune og fylke om skysstilbod og veglys.
- Sjukeheimsbesøk.
- Basarar til inntekt for lokale velferdstiltak.
- Blomsterhelsing
- Innspel jordmorstillingar

Gunnvor A. Sunde, krinsleiar

ÅRSMELDING FOR LAG DIREKTE TILKNYTTET FORBUNDET

104 lag var direkte tilknyttet forbundet i 2020. Årsmeldingene fra disse lagene leses, oppsummeres og føres i statistikker av oss i sentralstyret. Selv i et år med korona pandemi og mange restriksjoner har lagene vært kreative og gjennomført lagsmøter og studiearbeid. Det er fortsatt tydelig at mange lag har en viktig funksjon i sinne lokalmiljø. De bidrar inn mot sykehjem, kirker, eldresenter og skoler. Noen lag har engasjert seg i bruktbutikker og loppemarked. Engasjement for andre i inn og utland er det mye av. Fadderbarn og faste bidrag til hjelpeorganisasjoner, strikking av babytøyer og sokker som samles og sendes til Afrika, babysokker til lokale fødestuer sykehus som velkomstgave til nye verdensborgere med litt informasjon om laget og forbundet vårt er noe som kan nevnes. De store arrangementene med mye folk innomhus har rimelig vis utgått dette året. Vi får håpe på bedre tider neste år. Organisasjonen vår er 105 år i år, og mange lag har eksistert lenge. En stor takk til alle de som har deltatt som en viktig møteplass og arrangør av utallige aktiviteter og arrangement gjennom mange tiår.

*Randi Støre Gjerde
Nestleder*



Statistikker


Tall for 2020	Antall medlemmer	Antall lag	Antall lagsmøter	Relatert til satsingsområde	Heldags barnehage	Tiltak for b/u under 26 år
Aust- Agder*	31	4				
Bergen/Midthordland	216	10	7		5	
Hedmark*	33	3				
Hålogaland	117	12				
Oslo*	196	6				
Romsdal*	31	3	11			
Sogn- og Fjordane	150	14			1	
Sunnmøre*	40	6				
Lag uten krets	1535	104				
Direkte medlemmer	154					
Totalt	2503	170			6	
*Pga. korona pandemi har ikke kretsene fått godkjent årsmeldingen						
** Antall lagsmøter totalt ikke ført						




Studiearbeid i kretser og lag

Studiearbeid i kretser og lag

Timer pr. lag	
Strandebarm	84
Nesna	644
Kleive	84
Sandar	96
Vega	60
Aksdal	27
Grålum	15
Skattebu	18
Tertnes	20
Ekkilsøy	20
Totalt	1068



Tema	
Hekling/Strikking	207
Veving	282
Bunadssøm	27
Tekstilarbeid	33
Tegning/Maling/Formi	66
Revy(Tekst/Spill/Sang)	199
Sang/Musikk	120
Litteratur(Lese/Skrive)	96
Foreldrereng	18
Nærmiljø/integrering organisasjoner	20
Totalt	1068





Tillitsvalgte og ansatte 2019

SENTRALSTYRET:

Forbundsleder
Nestleder
Nestleder
Medlemmer

Aina Alfredsen Førde
Randi Støre Gjerde
Olaug Tveit Pedersen
Christine Andreassen
Anne M. Eggestøl
Inger Berger
Anne M. Eggestøl
Oddlaug Hovdenakk

Varamedlemmer

Edel Mikkelsen
Sigrunn Strøm

KRETSLEDERE/POSTKONTAKT:

Aust-Agder
Bergen/Midthordland
Hedmark
Hålogaland
Oslo
Romsdal
Sogn- og Fjordane
Sunnmøre

Else Marie Holm
Eldbjørg Gunnarson
Anne Lise Bryhn
Gunn Evjen
Liv Aasa Holm
Gerd Røsberg
Aina Alfredsen Førde
Anita J. Kvalsund

LEDERE AV KOMITEER OG UTVALG:

Valgkomiteen
Prinsippprogramkomiteen
Kontrollkomiteen
Internasjonalt utvalg
Beredskapsutvalget

Anne Enger
Solveig Thomassen
Kristin Hansen
Elisabeth Rusdal
Wneche Rolstad

K&FS REPRESENTANTER I:

ACWW
Nordens Kvinneforbund

Aina Alfredsen Førde
Olaug Tveit Pedersen

Ansatte:
Sekretær
Kontormedarbeider
Redaktør

Nini Raknes
Shandravatani Ratnesan
Lene Gloslie



Representasjon

ORGANISASJONER, KOMITÉER, INSTITUSJONER OG RÅD

Norges Kvinne- og familieforbund har vært tilsluttet følgende organisasjoner, komitéer, institusjoner og råd i 2020. Der vi har oppnevnt egne representanter er dette angitt – også hvilken funksjon de har på våre vegne.

The Associated Country Women of the World (ACWW)	Aina Alfredsen Førde Christine Andreassen – 2. representant Merethe Brattetaule - vara 2. representant
Debio	Torill Malmstrøm – medlem styret
FN-sambandet	
FOKUS	
Frivillighet Norge	
Norsk TotalforsvarsForum (NTF)	
Nordens Kvinneforbund (NKF)	Aina Alfredsen Førde Olaug Tveit Pedersen – 2. rep Edel Mikkelsen – vara 2. rep
Studieforbundet næring og samfunn	Randi Støre Gjerde – medl. av styret Oddlaug Hovdenak – medlem av valkomiteen



*Gode grunner til å velge
Norges Kvinne- og familieforbund.
En partipolitisk uavhengig organisasjon
med ca. 170 lokallag over hele landet*

DITT MEDLEMSKAP ER VIKTIG!

*Våre satsningsområder i landsmøte-
perioden 2019-2020 er:*

- Husmorvikar/familievikar
- Eldreomsorg- Leve hele livet
- Fødetilbudet – styrke jordmørtjenesten
- Integreringsarbeid og aktiviteter lokalt

SOM MEDLEM FÅR DU:

- Muligheten til å engasjere deg i nærmiljø, politisk påvirkningsarbeid, internasjonalt arbeid
- Medlemsbladet Kvinner & familie 3 ganger i året
 - Tilbud om kurs, konferanser, reiser m.m. gjennom ditt lokallag/krets
 - Tilbud om advokatbistand
- Rabatt ved overnatting på Scandic og Thon hoteller

Norges Kvinne- og familieforbund

Storgata 11, 0155 Oslo

Tlf.: 22 47 83 80

E-post: post@kvinnerogfamilie.no

Besøk oss på www.kvinnerogfamilie.no og på Facebook